



Klatrarane kom seg ned ved eiga hjelp.

Uskedalen.no fekk laurdag kveld inn fleire meldingar om ein bergingsaksjon i Vesletind i Ulvanåso. Politiets operasjonssentral, Politi Vest, opplyser at det var ein person i ei klatregruppe på 3 som hadde fått problem. Klatrarane hadde då meldt frå, og derfor vart det tilkalla eit Sea King redningshelikopter.

Politiets operasjonssentral opplyser at alt ordna seg greitt, og klatrarane kom seg ned ved eiga hjelp. Dermed kunne helikopteret retunera utan å ha vore i aksjon.



[Sea King-helikopteret kunne retunera då klatrarane kom seg ned sjølv](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Tore Mathiesen